

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å gjere sak RS 12/21 «Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

Gunn Åmdal Mongstad (Sp) sette fram slikt forslag:

«RMNF vil gjerne delta i referansegruppa og vere høyringspart i saka før ho vert lagt fram for politisk behandling. Vi vil i utgangspunktet minne om at elevar med trong for ekstra tilrettelegging og spesialundervisning har same rettar som andre elevar når dei søker skule. Og at det ligg ein meirverdi for integrering og forståing i at elevar med ekstra utfordringar ikkje vert samla på færre skular / klassar.»

Avrøysting

Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

RMNF vil gjerne delta i referansegruppa og vere høyringspart i saka før ho vert lagt fram for politisk behandling. Vi vil i utgangspunktet minne om at elevar med trong for ekstra tilrettelegging og spesialundervisning har same rettar som andre elevar når dei søker skule. Og at det ligg ein meirverdi for integrering og forståing i at elevar med ekstra utfordringar ikkje vert samla på færre skular / klassar